



Harald Færøy
Remmo 33
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/24 - 22/60313

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
09.08.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 131/85 Remme

Tiltak: dispensasjonssøknad
Byggjestad: Gbnr: 131/85
Tiltakshavar: Harald Færøy
Ansvarleg søkjar: Harald Færøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.08.2021.

Vi beklagar på det sterkaste for at det har teke så lang tid å handsame søknaden. På grunn av stor saksmengd har vi dessverre ikkje hatt moglegheit til å fylgje sakane så rakst som vi hadde ynskja.

Vi forsikrar om at saka no har høg prioritet.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nøyaktig storleik på tiltaket (lengde, bredde, kvadratmeter BRA og BYA)
2. Teikningar av snitt og fasade som angir tiltakets høgd
3. Søkjar må grunngjeve dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø (retteleier på korleis ein dispensasjonssøknad utformast og grunngjevast følgjer med)
4. Gjenpart av nabovarsel må legges ved

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.09.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Rettleiar dispensasjonar

Mottakarar:

Harald Færøy
Harald Færøy

Remmo 33
Remmo 33

5911 ALVERSUND
5911 ALVERSUND